

Møteprotokoll for Eldreråd

Møtedato: 02.12.2020

Møtestad: Teams

Møtetid: 12:00 - 14:20

Ekstramøte - Økonomiplan 2021-2024.

Det var først felles orientering for ER/RMNF/UR om økonomiplanen kl. 12.00. Deretter fortsette eldrerådet i eige møte.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Frøydis Skage Syslak		Medlem
Einar Lygre		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Reidun Taule		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mabel Johansen	H	Svein Hagesæter - U
Magne Rifsgård		Reidun Taule

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Leni Dale, kommunalsjef økonomi, Janne Sund, kommunalsjef Hogne Haugsdal, møtesekretær Arthur Kleiveland

Sakliste

Saknr	Tittel
049/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
050/20	Godkjenning av møteprotokoll
051/20	Økonomiplan 2021-2024

049/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldreråd 02.12.2020:

Behandling:

Eldrerådet godkjende innkalling og saksliste.

ER- 049/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

050/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Eldreråd 02.12.2020:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samråystes møteprotokollen.

ER- 050/20 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

051/20: Økonomiplan 2021-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2021 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt og rammerjusteringar. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 243 884 000 kr i lån i 2021. Årets låneoppnak, i tillegg til ubrukte lånemidler fra 2020 på 180 816 000 kr, skal finansiere behovet for lånemidler på generelle investeringar i 2021 på 244 400 000 kr og på sjølvkostområdet (VA) på 180 300 000 kr.
2. Økonomiplan for 2021-2024 og årsbudsjett for 2021 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2021 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei sju hovudområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2021 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Det gjerast ny allmenn taksering med verknad frå og med skatteåret 2021, jf. eigedomsskattelova § 8 A-3 (2). Alver kommune vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i

henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal rekna med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i helhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. Eigedomsskattelova § 25.

5. Det vert gjeve ei ramme på 1 787 000 kr til kontrollutvalet.
6. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 22 350 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
7. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
8. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2021. Løna regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Administrasjonsutval 02.12.2020:

Behandling:

Orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
Innspel frå Utdanningsforbundet vert lagt ved saka.
Innspel frå NSF vert lagt ved saka.

Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:

Budsjett og økonomiplan 2021-2024 blir tatt til orientering.
Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall
Framlegg frå Ø.Oddekalv vart samrøystes vedteke.

ADM- 017/20 Vedtak:

Budsjett og økonomiplan 2021-2024 blir tatt til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2020:

Behandling:

Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:

Generelt merkjer RMNF seg nedskjeringane som økonomiplanen legg opp til.
Rådet er uroa for dei verknadane dei får for menneske med nedsett funksjonsemne, både på kort og på lang sikt.
Eit døme er nedskjeringane på PPT-området, som vil gå ut over born og unge med nedsett funksjonsemne.
Vidare er rådet opptekne av prosessen rundt omorganiseringane på rus-, psykiatri- og habiliteringsfeltet. Det er viktig at vi vert involverte i den, og får høve til å uttala oss før det vert fatta endelege vedtak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 056/20 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 02.12.2020:

Generelt merkjer RMNF seg nedskjeringane som økonomiplanen legg opp til.
Rådet er uroa for dei verknadane dei får for menneske med nedsett funksjonsemne, både på kort og på lang sikt.
Eit døme er nedskjeringane på PPT-området, som vil gå ut over born og unge med nedsett funksjonsemne.
Vidare er rådet opptekne av prosessen rundt omorganiseringane på rus-, psykiatri- og habiliteringsfeltet. Det er viktig at vi vert involverte i den, og får høve til å uttala oss før det vert fatta endelege vedtak.

Ungdomsråd 02.12.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Janne Sund - Økonomisjef

Felles framlegg om å gjenta tidligare innspel til økonomiplanen, men ein tilføye kommentar kring nytt tiltak om "struktur ungdomsskular"

UR- 054/20 Vedtak:

Ungdomsrådet visar til tidligare innspel til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 og tilrår følgjande:

- To årsverk forebyggende arbeid stab Oppvekst

Ungdomsrådet fryktar at innsparinga kan råke tilbod som miljøterapeutar i skulen, ungdomskoordinatorar eller ungdomsklubbar. Ber difor kommunestyret skjerma dei forebyggende stillingane i kommunen.

- Skule generelt - redusere årsverk

Ungdomsrådet ynskjer ikkje reduserte tilbod til mellom anna valfag og tilvalsfag u. skulen. Ber difor kommunestyret sjå på moglegheit for å skjerma valfag og tilvalsfag.

- Investeringar tatt ut av plan

Mellan anna Ny hall Ostereidet og ny ungdomsskule Frekhaug er teke ut av økonomiplanen. Visar til tidligare ungdomsråd sitt arbeid med nevnte prosjekt, og tilrår at kommunestyret sjår etter moglegheit for å realisere prosjekta som tidligare planlagt.

- Egedomsskatt på hus og hytter

Ungdomsrådet meinar framleis at kommunestyret må sjå på moglegheiter for å auke inntektene til kommunen, slik at tilrådinga over kan finansierast.

Samrøystes

Eldreråd 02.12.2020:

Behandling:

Kommunalsjef økonomi presenterte rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 og svara på spørsmål i felles orientering for eldrerådet/råd for menneske med nedsett funksjonsevne/ungdomsrådet.

Eldrerådet heldt fram handsaming av økonomiplan i eige møte, der kommunalsjef Leni Dale svara på spørsmål.

Leiar Olav M. Steinsland sette fram forslag om følgjande uttale til økonomiplan for 2021-2024:

Budsjettkommentarer til Eldrerådsmøte 2.des 2020

Generell del

Alver kommune er ein ny kommune med ambisjonar om å vera mellom dei beste på fleire område, bl.a på oppvekst og helse og omsorg, som er dei store feltene som fordrar mest ressursar.

Grunnlaget for den nye kommunen vart lagt i intensjonsavtalen av juni 2016 og er styrande for etableringa av Alver kommune. Intensjonsavtalen har ei ambisiøs målsetning som ikkje i stor nok grad tar inn over seg moglegheita for nedgangstider, som f.eks Covid19 og endra rammer i statsbudsjettet.

At kommunen treng økonomisk handlingsrom, bør vera ei sjølvfølge. Alver kommune har iflg rådmannen starta prosessen med å ta ned driftskostnadane i inneverande år (2020). Likevel vil kommunen gå med underskot i 2020 og eit par år framover, dersom ein ikkje tar kraftfulle tiltak som rådmannen uttrykker det.

Eldrerådet vil uttrykke si bekymring for at vi kan skyta oss sjølv i foten dersom ein ikkje skundar seg langsomt i denne kritiske overgangfasen. Ei integrering og samansmelting av 3 kommunar er eit stort prosjekt. Og som prosjekt flest, så tar det noko tid før det meste er på plass og ein kan starta å hausta av stordriftsfordelane som er der og vil koma. Menneska i organisasjonen må få tid på seg til å leggja dei rette føringar i ein organisasjon som nok må endra strukturen. Reduser ikkje det administrative nivået for raskt. Det kan bli kostbart seinare!

Det store investeringsnivået i vår region gjennom ein kort periode dei siste åra gir grunn til undring. Berre i gamle Lindås vart det i rask rekkefølge planlagt 3 nye gigantskular til saman på rundt $\frac{3}{4}$ milliard NOK. Kvifor har ein ikkje planlagt med ei betre fordeling av kostnadane? No vil dette bl.a **ramma helse og omsorg svært hardt**. Når vi då veit statistisk at dette er den einaste sektor som vil ha auka behov for tenester pga den forventa «eldrebølgja» framover, så er det grunn til å vera bekymra for prioriteringa som no skal gjerast.

Ei innsparing på 175 MNOK, sjølv om det er over 4 år, kan virka dramatisk. Alver har årleg eit inntektpotensial på i underkant av 2 milliarder NOK. (Pr 2020 vil det bli underskot - som i 2019). Dvs ein reduksjon på gjennomsnittleg vel 2% for heile perioden kor ein då er tilbake til overskot i driftsbalansen (23-24).

Vi blir stadig minna på at Alver kommune har høge driftskostnader, der desentralisert tenestestruktur, høge kostnader i helse og omsorg og høge kostnader knytt til gjeld, er tre av hovudforklaringane. Gjeldsbyrda stammar i store trekk frå sektor oppvekst. Helsehuset er eit interkommunalt samarbeid.

Innanfor tenesteområdet Oppvekst blir også sparekniven henta fram.

Mykje reduksjon i personalet som ei generell anmerking. Dette står noko i kontrast til ambisjonsnivået innanfor kapasitet og kvalitet på tenestene.

Påfyll av lærarane sin kompetanse har lenge vore ein del av strategien/satsinga innanfor skuleverket. Reduksjon innan kurs/kompetanse bør i liten grad gå ut over lærarstabben då ein ser at skulereformene si tid ikkje er forbi. Intensjonen innan oppvekst og utdanning er god. Tidleg og kontinuerleg innsats for å betra prestasjonar og redusera ulikskap i høve til fråfall i vidaregående opplæring må framleis prioriterast høgt.

Dei siste åra har Alver kommune (gamle kommunane) hatt eit samla resultat på grunnskulepoeng som ligg over snittet for fylket og landet. Det ein ikkje set søkjelys på, er at dette i stor grad gjeld jentene. Gutane ligg i snitt 5-6 grunnskulepoeng under jentene. For vidare utdanning er dette eit stort problem. Gruppa som treng spesialopplæring i grunnskulen, består i stor grad av gutter (2/3 deler). Utviklinga her må følgjast opp i lys av reduserte lærarkrefter. Tidleg innsats må ikkje mista fokus.

LK2020 som ny læreplan, legg vekt på at elevane skal vera aktive i eiga opplæring. Noko uklart kva effekt dette har for lærarstaben som no skal reduserast. Investeringar som ikkje er sjølvkost, bør haldast under streng kontroll.

«Helse og omsorg»

Eldrerådet ser med bekymring på følgende saker:

- Tenestetilbodet innanfor helse og omsorg bør i stor grad vera som intensjonsavtalen seier det første året
- Desentralisert tenestestruktur må framleis vera norm. I det minste rundt nærsentra.
- Pleiefaktoren ved sjukeheimen må ikkje reduserast
- Reduksjonen av heimehjelp frå annakvar veke til tredje kvar veke
- Barnetrygd skal/bør ikkje vera ein del av grunnlaget ved berekning av sosialstønad
- Ingen fotavtrykk etter reformen «Leve hele livet»
- Planlegging for eit aldersvennleg samfunn ikkje synleg. Dette må gjelda tverrfagleg på alle nivå.
- Manglende dagsentra for eldre i nærsentra
- Venteliste logoped! Slagpasienter må prioriterast høgt, dei kan ikkje stå på ei lang venteliste.

«Oppvekst»

Eldrerådet ser med bekymring på følgjande saker:

- Auke i barnetalet frå 14 til 16 barn pr voksen person i SFO
- Driftstilkotet til private barnehagar må vera det same om barnehagen er i gamle Lindås, Radøy eller Meland
- Frårår at timetalet til styrkingstiltak til barn og unge med spesielle behov i barnehage og skule vert redusert
- Frårår å auke gruppestørrelse for lærarar
- Tidleg innsats må ha høg priorititet
- LK2020 som ny læringsplan. Kva fordrar det av ressursar på lærersida

Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg - som kulepunkt under "Helse og omsorg":

- Eldrerådet ser med på bekymring på eventuell reduksjon i institusjonskjøkken og matutlevering til eldre/pleietrengande. Kjøkken og matdistribusjon må oppretthaldast som i dag.

Eldrerådet vedtok samrøystes dei to framlegga til uttale som vart sett fram i møte.

ER- 051/20 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til økonomiplan for Alver kommune 2021-2024:

Budsjettkommentarer til Eldrerådsmøte 2.des 2020

Generell del

Alver kommune er ein ny kommune med ambisjonar om å vera mellom dei beste på fleire område, bl.a på oppvekst og helse og omsorg, som er dei store feltene som fordrar mest ressursar.

Grunnlaget for den nye kommunen vart lagt i intensjonsavtalen av juni 2016 og er styrande

for etableringa av Alver kommune. Intensjonsavtalen har ei ambisiøs målsetning som ikkje i stor nok grad tar inn over seg moglegheita for nedgangstider, som f.eks Covid19 og endra rammer i statsbudsjettet.

At kommunen treng økonomisk handlingsrom, bør vera ei sjølvfølge. Alver kommune har iflg rådmannen starta prosessen med å ta ned driftskostnadane i inneverande år (2020). Likevel vil kommunen gå med underskot i 2020 og eit par år framover, dersom ein ikkje tar kraftfulle tiltak som rådmannen uttrykker det.

Eldrerådet vil uttrykke si bekymring for at vi kan skyta oss sjølv i foten dersom ein ikkje skundar seg langsomt i denne kritiske overgangfasen. Ei integrering og samansmelting av 3 kommunar er eit stort prosjekt. Og som prosjekt flest, så tar det noko tid før det meste er på plass og ein kan starta å hausta av stordriftsfordelane som er der og vil koma. Menneska i organisasjonen må få tid på seg til å leggja dei rette føringar i ein organisasjon som nok må endra strukturen. Reduser ikkje det administrative nivået for raskt. Det kan bli kostbart seinare!

Det store investeringsnivået i vår region gjennom ein kort periode dei siste åra gir grunn til undring. Berre i gamle Lindås vart det i rask rekkefølge planlagt 3 nye gigantskular til saman på rundt ¾ milliard NOK. Kvifor har ein ikkje planlagt med ei betre fordeling av kostnadane? No vil dette bl.a **ramma helse og omsorg svært hardt**. Når vi då veit statistisk at dette er den einaste sektor som vil ha auka behov for tenester pga den forventa "eldrebølgja" framover, så er det grunn til å vera bekymra for prioriteringa som no skal gjerast.

Ei innsparing på 175 MNOK, sjølv om det er over 4 år, kan virka dramatisk. Alver har årleg eit inntektpotensial på i underkant av 2 milliarder NOK. (Pr 2020 vil det bli underskot - som i 2019). Dvs ein reduksjon på gjennomsnittleg vel 2% for heile perioden kor ein då er tilbake til overskot i driftsbalansen (23-24).

Vi blir stadig minna på at Alver kommune har høge driftskostnader, der desentralisert tenestestruktur, høge kostnader i helse og omsorg og høge kostnader knytt til gjeld, er tre av hovudforklaringane. Gjeldsbyrda stammar i store trekk frå sektor oppvekst. Helsehuset er eit interkommunalt samarbeid.

Innanfor tenesteområdet Oppvekst blir også sparekniven henta fram.

Mykje reduksjon i personalet som ei generell anmerking. Dette står noko i kontrast til ambisjonsnivået innanfor kapasitet og kvalitet på tenestene.

Påfyll av lærarane sin kompetanse har lenge vore ein del av strategien/satsinga innanfor skuleverket. Reduksjon innan kurs/kompetanse bør i liten grad gå ut over lærarstaben då ein ser at skulereformene si tid ikkje er forbi. Intensjonen innan oppvekst og utdanning er god. Tidleg og kontinuerleg innsats for å betra prestasjonar og redusera ulikskap i høve til fråfall i vidaregåande opplæring må framleis prioriterast høgt.

Dei siste åra har Alver kommune (gamle kommunane) hatt eit samla resultat på grunnskulepoeng som ligg over snittet for fylket og landet. Det ein ikkje set søkjelys på, er at dette i stor grad gjeld jentene. Gutane ligg i snitt 5-6 grunnskulepoeng under jentene. For vidare utdanning er dette eit stort problem. Gruppa som treng spesialopplæring i grunnskulen, består i stor grad av gutter (2/3 deler). Utviklinga her må følgjast opp i lys av reduserte lærarkrefter. Tidleg innsats må ikkje mista fokus.

LK2020 som ny læreplan, legg vekt på at elevane skal vera aktive i eiga opplæring. Noko ukjart kva effekt dette har for lærarstaben som no skal reduserast.
Investeringar som ikkje er sjølvkost, bør haldast under streng kontroll.

«Helse og omsorg»

Eldrerådet ser med bekymring på følgende saker:

- Tenestetilbodet innanfor helse og omsorg bør i stor grad vera som intensjonsavtalen seier det første året
- Desentralisert tenestestruktur må framleis vera norm. I det minste rundt nærsentra.

- Pleiefaktoren ved sjukeheimen må ikkje reduserast
- Reduksjonen av heimehjelp frå annakvar veke til tredje kvar veke
- Barnetrygd skal/bør ikkje vera ein del av grunnlaget ved berekning av sosialstønad
- Ingen fotavtrykk etter reformen «Leve hele livet»
- Planlegging for eit aldersvennleg samfunn ikkje synleg. Dette må gjelda tverrfagleg på alle nivå.
- Manglande dagsentra for eldre i nærsentra
- Venteliste logoped! Slagpasienter må prioriterast høgt, dei kan ikkje stå på ei lang venteliste.
- Eventuell reduksjon i institusjonskjøkken og matutlevering til eldre/pleietrengande. Kjøkken og matdistribusjon må oppretthaldast som i dag.

«Oppvekst»

Eldrerådet ser med bekymring på følgjande saker:

- Auke i barnetalet frå 14 til 16 barn pr vaksen person i SFO
- Driftstilskotet til private barnehagar må vera det same om barnehagen er i gamle Lindås, Radøy eller Meland
- Frårår at timetalet til styrkingstiltak til barn og unge med spesielle behov i barnehage og skule vert redusert
- Frårår å auke gruppestørrelse for lærarar
- Tidleg innsats må ha høg prioritet
- LK2020 som ny læringsplan. Kva fordrar det av ressursar på lærarsida